



Kontrollsjef Einar Ulla

Dato

LEIKANGER, 14.08.2019

Sogn og Fjordane Energi AS - svar på spørsmål fra kontrollsjefen

Eg viser til din e-post til underteikna 10. juli, samt e-postutveksling 11. juli som gav meg frist til 14. august med å svare på spørsmåla dine.

I det følgjande presenterer eg dine spørsmål i kursiv og deretter mine svar:

A Konsulentar

Fylkeskommunen har nytta Advokatfirmaet Lund & Co som konsulentar i samband med overføring av fylkeskommunen sine aksjar i SFE til kommunane i dagens Sogn og Fjordane i tillegg til prosessen med å kjøpe BKK ut av SFE.

1. Når starta oppdraget for Lund & Co?

Bakgrunnen for oppdraget for Lund & Co var fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16, der det vart føresett at fylkesrådmannen skulle engasjere eksterne rådgjevarar i samband med at eg fekk i oppdrag å «... arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane».

Fylkesrådmannen utlyste ein anbodskonkurranse for å engasjere eksterne rådgjevarar som skulle gje fylkeskommunen juridisk, finansiell og strategisk rådgjeving knytt til fylkeskommunen sin eigarposisjon i SFE – regionreforma. Etter gjennomført anbodskonkurranse vart oppdragsavtale med Lund & Co signert 3.- 4. januar 2017. Oppdraget til Lund & Co starta opp etter signering av oppdragsavtalen.

I tillegg vart det i juni 2018 inngått ein eigen oppdragsavtale mellom Sogn og Fjordane Holding AS (SF Holding) og Lund & Co som følgje av at fylkeskommunen sine aksjar i SFE var overført til SF Holding. Denne avtalen vart teikna på same vilkår som oppdragsavtalen med fylkeskommunen. Av avtalen følger det at «*Det forutsettes avklart i hvert enkelt tilfelle om oppdraget skal belastes Sogn og Fjordane Holding AS eller Sogn og Fjordane fylkeskommune*». Lund & Co sitt arbeid i 2019 som var knytt til å kjøpe BKK ut av SFE vart - i samråd med meg og SF Holding - fakturert SF Holding.

Den innleieande teksten frå kontrollsjefen kan gje inntrykk av at arbeidet med å overføre aksjar til kommunane og arbeidet med å kjøpe BKK ut av SFE var to uavhengige prosessar. Slik var det ikkje; dette var éi og same sak. Bakgrunnen for at fylkeskommunen – gjennom SF Holding – vurderte å kjøpe BKK ut av SFE var at fylkeskommunen i tilfelle fritt kunne overføre aksjane i SF Holding til primærkommunane utan å utløyse BKK sin eventuelle forkjøpsrett.

2. Kva mandat har Lund & Co hatt i desse prosessane?

Eg viser til konkurransegrunnlaget (Vedlegg 1) pkt. 1.4 for ei overordna skildring av oppdraget til Lund & Co.

I tillegg har mandatet blitt konkretisert av vedtak i fylkesutvalet etter kvart som ulike problemstillingar har dukka opp som har hatt betydning for fylkeskommunen sin eigarposisjon i SFE. Dette dreiar seg t.d. om utgreininga av eit mogleg «Vestlandsrkraft DA», søksmål for avklaring av forkjøpsrett og arbeidet med å få kjøpt BKK sine aksjar i SFE.

3. Kven har Lund & Co rapportert til, fylkesutvalet, SF Holding eller andre?

Lund & Co har løpende rapportert til underteikna og dessutan til dagleg leiar i SF Holding for den delen av sakskomplekset som dreidde seg om utkjøp av BKK frå SFE.

Lund & Co har formelt sett ikkje rapportert til fylkesutvalet, men har frå oppdraget starta i 2017 fortøpande informert utvalet gjennom skriftlege «løypemeldingar» og munnlege orienteringar.

DNB vart, etter vurdering av tilbod og forhandlingar opp mot Sparebanken 1 Markets, valt som långjever/finansiell samarbeidspartner ved eventuelt kjøp av BKK sine aksjar i SFE. DNB sette som føresetnad for lån at DNB Markets vart tildelt rådgjevingsoppdraget i samband med denne finansieringa.

1. Kva vart den totale kostnaden for dette «oppdraget»?

Då det ikkje vart inngått nokon avtale mellom SF Holding og BKK om kjøp av aksjar, har SF Holding ikkje betalt anna honorar til DNB enn oppstartshonoraret på kr 500 000,- og eit mindre beløp som gjeld refusjon av reiseutlegg.

2. Kven har DNB rapportert til ?

DNB vart engasjert av SF Holding og har rapport til selskapet ved dagleg leiar.

Det har i tillegg vore tett kontakt mellom DNB og fylkeskommunen sine rådgjevarar i Lund & Co. Sistnemnde har løpende informert om DNB sitt arbeid i saka til fylkesrådmannen og fylkesutvalet.

B Forhandlingar

1. Kven forhandla på vegner av fylkeskommunen vedr. opprettning av Vestlandskraft i juni 2018, og kva mandat hadde forhandlarane? Kven hadde gitt dei mandatet, og kva bestod mandatet av?

Eg legg til grunn at spørsmålet først og fremst gjeld utgreiinga av eit felles produksjonsselskap – «Vestlandskraft DA» - og sluttrapporten frå juni 2017.

Då fylkesrådmannen skulle gjennomføre pkt. 2 i fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16 og overføre fylkeskommunen sine aksjar til SF Holding, sette BKK som vilkår for å stadfeste at forkjøpsrett ikkje vart utløyst, at SFE og BKK skulle «utrede og arbeide med fremtidig organisering av den framtidige produksjonsvirksomheten i SFE», sjå pkt. 4 i avtalen av 10. mars 2017 (Vedlegg 2).

Av avtalen går det óg fram at «*Utredningen skal også ta behørig hensyn til fylkestingets vedtak om å sikre at verdiene av fylkeskommunens eierskap i SFE-konsernet kan bli værende i Sogn og Fjordane*». Avtalen vart handsama av fylkesutvalet 6. mars 2017 og av protokollen går det fram at «*Fylkesutvalet har ikkje noko å merke til avtalen som er forhandla fram mellom fylkeskommunen og BKK*».

I avtalen står at fylkeskommunen «*skal holdes orientert om utredningsarbeidet*». Det var BKK og SFE som skulle stå for sjølv utgreiingsarbeidet. Fylkeskommunen hadde berre gjeve samtykke til at ein ny organisering skulle *utgjera*. Fylkeskommunen hadde ikkje på nokon måte forplikta seg til å akseptere eller medverke til ei framtidig omorganisering av produksjonsverksemda i SFE, eller dei nærmare vilkåra for ei slik eventuell omorganisering.

Etter at utgreiingsavtalen mellom BKK og SFE vart signert i mars 2017, tok Hydro initiativ til ein dialog om eit mogleg samarbeid om produksjonsverksemduene. Eit samarbeid om Hydro sine kraftverk i Røldal-Suldal vart difor integrert i utgreiingsarbeidet. Fylkesutvalet vart orientert om dette i møte 12. juni 2017, der representantar frå Hydro møtte. Av møteboka framgår følgjande:

Fylkesutvalet har, med tilvising til vedtak i FU-sak 25/17 av 3. mars¹ 2017, ingen merknad til at det blir utgjeidd eit eige alternativ der også Hydro inngår.

¹ Skal vere 6. mars

For fylkeskommunen vil det også i dette alternativet vere avgjerande viktig at dagens SFE-verdiar blir verande i Sogn og Fjordane.

For at fylkeskommunen skulle vere orientert om arbeidet og få høve til å kome med innspel, inviterte utgreiarane (BKK, SFE og Hydro) Lund & Co med i utgreiingsarbeidet.

Fylkeskommunen har såleis ikkje *forhandla* om oppretting av Vestlandskraft DA. Det var selskapa BKK, SFE og Hydro som utgreidde fordelar og ulemper ved eit eventuelt felles produksjonsselskap. Det var óg selskapa som forhandla om det var grunnlag for å halde fram med utgreiingsarbeidet hausten 2018, før saka vart handsama på ekstraordinær generalforsamling i SFE i oktober 2018.

Når det gjeld det vidare arbeidet med utgreiing av Vestlandskraft DA, viser eg til teksten under.

2. Når begynte forhandlingane med BKK om kjøp av aksjane i SFE?

Det er viktig å kjenne bakgrunnen for eit mogleg kjøp av BKK sine aksjar og eg vil difor svare litt utfyllande på dette spørsmålet.

BKK gav alt i januar 2017 til kjenne at ei overføring av aksjar i SF Holding til kommunane i Sogn og Fjordane ville utløyse forkjøpsrett for BKK til aksjane i SFE. Eg har difor heilt sidan starten av 2017 arbeidd med alternative modellar for å sikre at den verdien som SFE-aksjane representerer kan «*bli verande i Sogn og Fjordane*», utan å utløyse forkjøpsrett for BKK til aksjane i SFE. Dette er og bakgrunnen for at fylkeskommunen har ønskt å få avklart om BKK kan kjøpast heilt ut av SFE på tilfredsstillande vilkår. Ved å kjøpe BKK heilt ut, ville fylkeskommunen stå fritt til å overføre aksjar i SF Holding til kommunane. Dette arbeidet har funne stad parallelt med at domstolane har vurdert spørsmålet om forkjøpsrett, jf. Gulating lagmannsrett sin dom av 29. mars 2019 som no er rettskraftig.

Ein av modellane som har vore utgreidd som ledd i å sikre at verdien av SFE-aksjane «*kan bli verande i Sogn og Fjordane*», var etableringa av eit mogleg «Vestlandskraft DA». Ein sentral føresetnad for etablering av eit slikt selskap var - frå partane si side - at BKK skulle tre heilt ut som eigar i SFE.

Etter at selskapa i lang tid hadde arbeidet med å utgreie eit «Vestlandskraft DA» opplyste finansdirektør Wenche Teigland i BKK i e-post 6. oktober 2017 at BKK ville stille vidare arbeid med utgreiinga av Vestlandskraft DA «i bero».

Etter at BKK stilte ei vidare utgreiing av Vestlandskraft DA «i bero», tok konsernsjef Hilland i BKK kontakt med fylkesordføraren og inviterte til ein samtale om korleis fylkeskommunen kunne bidra til «*Statkraft sin exit prosess*» fra BKK. Invitasjonen fra BKK vart drøfta i fylkesutvalet 31. oktober 2017 og fylkesrådmannen vart beden om å følgje opp førespurnaden frå fylkeskommunen si side.

Som følgje av dette møttest BKK og fylkeskommunen i Førde 15. november 2017 der fylkesordføraren og eg deltok saman med rådgjevarane mine i Lund & Co. Her opplyste fylkeskommunen at vi ville vurdere å bidra til at Statkraft kunne selje seg ut av BKK ved å kjøpe BKK sine aksjar i SFE. Fylkeskommunen stadfesta at både heilt eller delvis kjøp av BKK sine aksjar i SFE ville bli vurdert og oppmoda BKK til å gje tilbakemelding på om det var av interesse å drøfte dette.

BKK følgde opp ved å invitere til eit møte der også selskapet sin finansielle rådgjevar i Pareto Securities stilte (24. november 2017). BKK sine representantar opplyste i møtet at selskapet var villig til å forhandle om å tre ut på eigarsida i SFE, ved at kraftverk og kontantar blei fasjonert ut frå SFE. BKK opplyste at selskapet ikkje var interessert i eit rent aksjesal eller ei omorganisering av produksjonsverksemda i SFE til eit DA.

Fylkesrådmannen oppmoda BKK om å konkretisere modellen. BKK opplyste i den vidare kontakten at selskapet var villig til å tre ut som eigar i SFE dersom det blei fasjonert ut kraft til BKK og at det i tillegg vart betalt eit kontantvederlag. SFE har ein eigenproduksjon på ca. 1,6 TWh og BKK sin «del» av dette er ca. 620 GWh. BKK ønskte å overta heile Østerbø kraftverk, som er under bygging, i tillegg til SFE sin eigardel i Svelgen kraftverk (SFE sin eigardel er ca. 400 GWh). Storleiken på kontantvederlaget ville avhenge av ei verdivurdering av SFE.

BKK følgde opp med eit konkret tilbod i tråd med desse føresetnadane og sende fylkeskommunen eit «indikativt tilbod» om kjøp av aksjane 19. januar 2018. Frå fylkeskommunen sin side var det ein føresetnad at SFE blei involvert i den vidare prosessen.

SFE var svært negativ til eit utkjøp som innebar at SFE sin eigardel i Svelgen kraftverk vart overført til BKK. Difor arbeidde fylkesrådmannen sine rådgjevarar og SFE med eit «mottilbod» som berre galdt kontantar. Denne utkjøpsmodellen vart presentert for BKK i juni 2018, jf. under.

I mars 2018 opplyste BKK at selskapet ønskte å ta opp att arbeidet med å utgrei «VestlandsRAFT DA», noko eg – etter å ha konferert med fylkesutvalet – gav tilbakemelding om at fylkeskommunen, som indirekte eigar i SFE, ikkje hadde innvendingar til. Utgreiingsarbeidet vart difor starta opp att.

19. juni 2018 presenterte fylkeskommunen - i eit møte med BKK - eit forslag om å kjøpe BKK ut av SFE, men då berre med kontantar. BKK opplyste etter møtet at selskapet ønskte å sjå eit eventuelt sal av aksjar i SFE i samanheng med arbeidet med VestlandsRAFT og ville ikkje forhandle nærare om eit eventuelt sal før det var avklara om «VestlandsRAFT DA» lét seg realisere.

I generalforsamling i SFE 12. oktober 2018 vedtok eigarane i selskapet at SFE ikkje skulle engasjere seg i ytterlegare utgreiing av «VestlandsRAFT DA». På denne bakgrunnen spurde fylkeskommunen om BKK var interessert i å ta opp att spørsmålet om å selje seg ut av SFE. BKK stadfesta at selskapet var villig til å ta opp att saka, men at det var ein absolutt føresetnad at BKK som ein del av oppgjeret fekk overta kraftverk. I staden for SFE sin eigardel i Svelgen kraftverk, som fylkeskommunen i samråd med SFE hadde avvist, føreslo BKK at Mel kraftverk skulle overførast til BKK ved eit utkjøp.

Sidan eg opplevde at forhandlingane med BKK i lang tid i realiteten ikkje hadde gått framover, ønskte eg at partane skulle inngå ein avtale om forhandlingane som m.a. forplikta partane til ein framdriftsplan. Eg fekk difor utarbeidd forslag til ein slik avtale, som vart handsama i og godkjent av fylkesutvalet 23. januar 2019. Avtalen innebar at overføring av Mel og Østerbø kraftverk til BKK skulle vere ein del av ein eventuell transaksjon.

Sjølv om overføring av kraftverk var problematisk for SFE, vurderte eg fordelane med ein eventuell transaksjon som så tungtvegande at det var verd å forfølge dette sporet. Utkjøp av BKK frå SFE ville både løyse opp i ein vanskeleg eigarsituasjon i SFE og innebere at SF Holding ville bli ein betydeleg større eigar i SFE med full kontroll over selskapet. Eit tap av ca. 10 % av produksjonen i SFE kunne vurderast som akseptabelt i lys av at BKK eig meir enn 36 % av SFE og ville tre helt ut som eigar i SFE. SFE ville dessutan bli tilført betydeleg kapital som kunne nyttast til å utvikle ny produksjonskapasitet til erstatning for Mel og Østerbø. Eg la også vekt på at BKK alt eig 42 prosent av Østerbø kraftverk.

Avtalen om forhandlingar vart handsama av styret i SF Holding 25. januar 2019 og signert av konsernsjefen i BKK og styreleiaren i SF Holding 28. januar 2019 (Vedlegg 3). Utkastet til avtale var på førehand lagt fram for SFE.

Pkt. 7 i avtalen skisserer dei ulike aktivitetane mot gjennomføring av ein eventuell transaksjon. Først skulle avtalepartane engasjere felles sakkunnige for gjennomføring av ein «due diligence» (selskapsgjennomgang), deretter skulle partane sine finansielle rådgjevarar finne ut om det var mogeleg å bli samde om ei verdsetjing av selskapet og dei to kraftverka, og til slutt skulle partane forhandle for å sjå om dei kunne bli samde om ei fullstendig avtale.

Gjennomføring av transaksjonen var i tillegg avhengig av m.a. godkjenning i fylkestinget, styret i BKK og generalforsamlinga i SFE, jf. avtalen pkt. 6.

Av omsyn til framdrifta i forhandlingane var det også føresett ein frist for endeleg avtale, jf. pkt. 7:

Dersom Partene ikke er enig om en endelig, bindende avtale innen 1. mai 2019, skal Avtalen ikke lenger være bindende.

Partane (BKK og SF Holding) skulle som sagt i fellesskap engasjere teknisk, økonomisk og juridisk kunnige for ein «due diligence» av SFE. Kostnadene til dette skulle delast likt, jf. pkt. 3 i avtalen. Denne gjennomgangen frå dei sakkunnige tok lengre tid enn føresett og då ein ikkje ville få ei avklaring innan fristen 1. mai, vart partane vart samde om å forlenge fristen til 17. juni.

BKK hadde insistert på å utarbeide førstekastet til ein mogleg transaksjonsavtale, og denne vart sendt frå BKK sin advokat 8. mai 2019 (Vedlegg 4).

Etter at dei sakkunnige i mai var klare med sitt arbeid, drøfta partane sine finansielle rådgjevarar i Pareto (BKK) og DNB Markets (SF Holding) om det var grunnlag for ei sams verdivurdering av SFE og dei aktuelle kraftverka.

Avstanden mellom dei indikative tilboda frå partane sine respektive finansielle rådgjevarar var betydeleg og eg vurderte det difor slik at avtalepartane og fylkeskommunen burde møtest fysisk for å avklare om det var grunnlag for å kome til semje om dei kommersielle vilkåra i ein transaksjonsavtale. I e-post frå Lund & Co til BKK sin advokat i Wikborg Rein Advokatfirma 8. juni føreslo SF Holding og underteikna eit møte i Oslo 12. juni.

BKK sin advokat stadfesta 9. juni at han hadde vidareformidla e-posten til BKK og at han ville kome tilbake så snart som mogleg. 11. juni skreiv så BKK sin advokat følgjande til Lund & Co:

«Beklager sen tilbakemelding. Vi har jobbet med å få avklart morgendagen. På grunn av reise som dessverre ikke er mulig å flytte klarer vi ikke å få dette til i morgen. Vi vil imidlertid kunne være tilgjengelig for møte både torsdag og fredag i Oslo.»

Lund & Co svarte umiddelbart slik på dette:

«(T)akk for tilbakemelding. Vi foreslår et møte på vårt kontor fredag kl. 1130. Fint om du kan bekrefte dette og samtidig opplyse hvem som møter fra BKKs side. Fra vår side møter fylkesrådmann Tore Eriksen og daglig leder Jan Øhlckers i SF Holding.»

BKK sin advokat gav slik tilbakemelding til Lund & Co om kvelden 11. juni:

«Det viser seg dessverre at det har vært misforståelser internt mht tidspunkt for møtet. Ketil fra BKK har dessverre ikke mulig til å delta i møte fredag grunnet utenlandsreise. For vår del tror vi det vil være helt nødvendig at representant fra BKK er til stede på møtet for at dette skal bli fruktbart. Alternativet er da å prøve å få dette til torsdag, eventuelt skyve det til mandag. Jeg er på reise mandag, men Lars Erik vil i tilfelle kunne delta fra oss.

Beklager dette, men hører gjerne fra deg vedrørende alternativ.»

Same kveld vart partane – gjennom sine advokatar – samde om å møtest i Oslo mandag 17. juni kl. 14, dvs. dagen før avtalen om forhandlingar slutta å vere bindande. Partane sine advokatar heldt så ein telefonkonferanse torsdag 13. juni for å drøfte rammene for det planlagde møtet. I dette møtet stadfesta BKK sin advokat at seniorrådgjevar Ketil Konglevoll ville representer BKK på møtet 17. juni.

Dagen før det avtalte møtet, dvs. søndag 16. juni, fekk fylkeskommunen opplyst av BKK at forhandlingsmøtet vart avlyst. Dette skjedde etter at BKK hadde sendt ut pressemelding og orientert media om at «forhandlingane var avslutta».

3. Kva har det vore forhandla om 1. halvår 2019?

Eg viser til svar på spørsmål 2 over. Etter at partane sine finansielle rådgjevarar i noko tid hadde diskutert eit sams grunnlag for verdsetjing av SFE og dei to aktuelle kraftverka, tok som nemnd SF Holding og underteikna i juni initiativ til eit forhandlingsmøte mellom avtalepartane og fylkeskommunen. Dette møtet vart aldri halde.

4. Kven har forhandla på vegner av fylkeskommunen?

Som nemnd har det vore kontakt direkte mellom partane sine finansielle rådgjevarar for å freiste å kome fram til eit felles grunnlag for verdsetjing av SFE og dei to aktuelle kraftverka. Det har også vore noko kontakt mellom partane sine juridiske rådgjevarar om overordna transaksjonsmodell og førebelse innspel til førsteutkastet til transaksjonsavtale.

Partane kom aldri til reelle forhandlingar om kor mange aksjar som skulle kjøpast eller konkret pris for aksjane.

Til det planlagte møtet i Oslo 17. juni var det avtalt at underteikna frå fylkeskommunen og dagleg leiar i SF Holding, Jan Øhlckers, skulle forhandle, med støtte frå Lund & Co og DNB.

5. Har forhandlarane hatt eit klart forhandlingsmandat?

Mandatet går fram av avtalen om forhandlingar (Vedlegg 3) som vart godkjend av fylkesutvalet.

6. Korleis har mandatet vore utforma og avgrensa?

Eg viser til svaret på førre spørsmål.

7. Kven har i så fall utarbeidd forhandlingsmandatet?

Lund & Co utarbeidde avtalen i samråd med meg og SF Holding. Avtalen vart deretter, med visse justeringar, godkjend av fylkesutvalet i møte 23. januar. Endeleg vart avtalen godkjend av styret i SF Holding.

8. Har fylkesutvalet vore informert, eventuelt godkjent forhandlingsmandatet?

Ja, sjå svar på førre spørsmål.

9. Fylkeskommunen hevdar at det ikkje har vore reelle forhandlingar – kva legg fylkeskommunen i uttrykket «reelle forhandlingar»?

I «reelle forhandlingar» legg fylkesrådmannen at partane har forhandla konkret om den prisen som skal betalast for aksjane, kor mange aksjar som skal kjøpast og kva for slags vilkår som elles skal setjast for kjøp av aksjane.

10. Kven har gitt BKK inntrykk av at forhandlingane våren 2019 var reelle?

Eg har ikkje grunnlag for å uttale meg om dette, men vil vise til tidsplanen i pkt. 7 i avtalen om forhandlingar. Poenget frå vår side er at det aldri vart gjennomført noko første forhandlingsmøte, som i avtalen var tidfesta til 14. mars. Det avtalte forhandlingsmøtet 17. juni vart avlyst av BKK.

11. Kva kan grunnen vere til forskjellane i oppfatninga om at det har vore gjennomført reelle forhandlingar?

Eg har ikkje grunnlag for å spekulere i kva som er grunnen til eventuelle skilnader i oppfatninga om det har vore gjennomført reelle forhandlingar. Eg ser likevel ikkje bort frå at BKK endra syn på om selskapet skulle selje aksjane sine i SFE og at det er grunnen til at BKK 16. juni utan forvarsel avlyste det avtalte forhandlingsmøtet mellom partane dagen etter.

12. I fråsegna om Sogn og Fjordane fylkeskommune sine «forhandlingar» med BKK i protokollen frå FU-møtet 19. juni står det at dei to største eigarane i SFE, fylkeskommunen og BKK, over tid har vore usamde om strategiske vegval for SFE, som t.d. SFE sin utbytepolitikk. Kva består denne usemja i?

Dei siste åra har fylkeskommunen og BKK vore usamde i fleire viktige saker for SFE. Fylkeskommunen har stort sett vore einig med SFE sitt styre og leiing, medan BKK har vore ueinig.

Fylkeskommunen og dei kommunale eigarane har på eigarmøta dei siste åra støtta styret si tilråding om å halde meir av overskotet i SFE tilbake for å styrke SFE sin eigenkapital og høve til å realisere nye kraftprosjekt. BKK har på si side argumentert for eit høgare utbyte. Eit anna døme er haldninga til å styrke SFE sin eigenkapital ved emisjonen i juni 2017. Alle andre eigarar enn BKK har så langt teikna seg fullt ut for auke av aksjekapitalen.

Haldninga til vidare utgreiing av «Vestlandskraft DA» er eit tredje døme. Her tilrådde et fleirtal i SFE sitt styre at SFE ikkje skulle involvere seg i vidare utgreiingsarbeid. Både fylkeskommunen og dei kommunale eigarane følgde tilrådinga frå styret, medan BKK røysta mot.

På same måte stilte dei ulike aksjonærane seg til den planlagde fusjonen mellom SFE og Sunnfjord Energi AS, som dei to selskapa hadde arbeidd med i lengre tid. Fylkeskommunen og dei kommunale eigarane i SFE var positive til dei to selskapa sitt arbeid med å utgreie grunnlaget for ein fusjon.

Utan forvarsel sende BKK i januar 2019 ut ei pressemelding der selskapet opplyste at det ville røyste mot ein fusjon mellom SFE og Sunnfjord Energi. Konsekvensen vart at fusjonsarbeidet vart skrinlagt.

C Habilitet

1. *Kva var grunnen til at Gunhild Berge Stang vart vurdert som habil til å delta under orienteringa pkt. 7 i FU 23. januar i år og inhabil til å delta i den etterfølgjande drøftinga?*
2. *Kva vart drøfta under «den etterfølgjande drøftinga»?*

Krava om habilitet for folkevalde i fylkeskommunen følgjer av forvaltningslova § 6, jf. § 10, og inneber at folkevalde med særskild tilknyting til ei sak, eller til personar som kan få ei særskild fordel eller ulempe av avgjerda, må fråtre når saka skal førebuast eller avgjerast.

Reine orienteringssaker er som hovudregel ikkje omfatta av reglane om inhabilitet. Den som er inhabil til å delta når organet drøftar og eventuelt avgjer saka, vil i utgangspunktet vere habil til å delta under eventuelle generelle orienteringar om saka.

Gunhild Berge Stang er ordførar i Fjaler kommune. På tidspunktet som er nemnd i spørsmålet var Fjaler kommune, i eigenskap av å vere eigar i Sunnfjord Energi, i forhandlingar med BKK om makebyte av aksjar.

I møtet 23. januar i år drøfta fylkesutvalet m.a. den ovannemnde avtalen om forhandlingar og altså eit eventuelt utkjøp av BKK frå SFE. Fylkesutvalet fann at Stang gjennom vernet sitt som ordførar i Fjaler og dei pågående forhandlingane om aksjebytte, hadde så sterkt tilknyting til BKK at dette var eigna til å svekkje tilliten til at ho ville vere upartisk ved fylkesutvalet si drøfting av fylkeskommunen sin strategi for å freiste å kjøpe BKK ut av SFE. Fylkesutvalet fann såleis etter ei skjønnmessig vurdering at Stang var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd.

3. *Kva var vurderinga som låg til grunn for at fylkesutvalet 6. mars 2019 under munnlege orienteringar fann Hilmar Høl inhabil til å ta del i den etterfølgjande drøftinga i utvalet, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2*

Hilmar Høl er styreleiar i SF Holding. Vurderinga var at SF Holding, som part i avtalen med BKK, også var part i store delar av den aktuelle drøftinga i fylkesutvalet. Høl var som følgje av dette inhabil til å delta i drøftinga.

4. *Kva vurderingar låg til grunn for fylkesutvalet sine habilitetsvurderingar av Høl, Stang og Følling 8. mai 2019 under munnlege orienteringar?*

Jenny Følling er nestleiar i konsernstyret i KLP (Kommunal Landspensjonskasse). KLP var på dette tidspunktet aktuell som finansiell tredjepart i det planlagde avtaleforholdet mellom SF Holding, BKK og SFE om utkjøp av BKK frå SFE. KLP si tilknyting til saka var ikkje så nær eller sterkt tilknyttet fylkesutvalet fann at Følling si rolle i selskapet var eigna til å svekkje tilliten til hennar upartiskheit etter forvaltningslova § 6 andre ledd.

Når det gjeld Gunhild Berge Stang, var situasjonen at Fjaler kommune på dette tidspunktet vurderte kva kommunen skulle meine om den mogleges fusjonen mellom Sunnfjord Energi og BKK. Kommunen hadde dessutan framforhandla ein eigen avtale med BKK som skulle gjennomførast dersom generalforsamlinga i Sunnfjord Energi skulle seie nei til fusjonen. Fylkesutvalet fann at Stang gjennom desse forholda hadde så sterkt tilknyting til BKK at dette var eigna til å svekkje tilliten til hennar upartiskheit som fylkesutvalsmedlem når utvalet drøfta fylkeskommunen sin strategi overfor BKK.

Vedkomande inhabiliteten til Hilmar Høl viser eg til svaret på spørsmål 3 over.

5. *Kva var vurderinga bak konklusjonen om at Gunhild Berge Stang og Jacob Andre Sandal var inhabile til å delta under drøftinga etter orienteringa under pkt. 5 – Munnlege orienteringar i FU 29. mai i år? Kva vart drøfta i denne saka?*

Også i dette møtet drøfta fylkesutvalet m.a. utkjøpsalternativet, dvs. fylkeskommunen sin strategi for å freiste å kjøpe BKK ut av SFE.

Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stang inhabil av same grunn som opplyst i svaret på førre spørsmål.

Jakob Andre Sandal er varaordførar i Jølster kommune, som til liks med Fjaler kommune er aksjonær i Sunnfjord Energi AS. Jølster kommune vurderte på dette tidspunktet kva kommunen skulle meine om fusjonsplanane mellom BKK og Sunnfjord Energi.

Fylkesutvalet fann at Sandal i eigenskap av å vere varaordførar i ein kommune som kunne vere på veg inn som eigar i BKK og i tilfelle ville bli mottakar av eit ikkje ubetydeleg betydeleg kontantbeløp² frå dette selskapet, hadde så sterk tilknyting til BKK at dette var eigna til å svekkje tilliten til at han ville vere upartisk ved fylkesutvalet sine drøftingar av fylkeskommunen sin strategi for å kjøpe BKK ut av SFE.

6. *Kva vurderingar var lagt til grunn for habilitetsvurderingane av styreleiar i SF Holding i samband med behandlingane av eventuell kjøp av BKK sine SFE-aksjar?*

Då ein eventuell transaksjonsavtale skulle inngåast mellom SF Holding og BKK, jf. vedlegg 4, var SF Holding å rekne som part i saka når fylkesutvalet drøfta utkjøpsalternativet. Fylkesutvalet fann såleis alltid styreleiar Hilmar Høl inhabil når utvalet drøfta dette alternativet.

D Fusjonen mellom BKK og Sunnfjord Energi

1. *Har fylkesutvalet eller nokon på fylkeskommunen sine vegne vore involvert i, eller påverka ein prosess for at SFE skal kjøpe aksjar i Sunnfjord Energi, og har dette i så tilfelle vore forankra overordna i Fylkestinget?*

Eg er ikkje kjent med at nokon på fylkeskommunen sine vegner har vore involvert i eller påverka ein slik prosess.

2. *Har fylkesutvalet diskutert fusjonen mellom BKK og Sunnfjord Energi? – Når og kva har i så fall vore diskutert?*

Fylkesutvalet har på eit generelt plan og i samband med dei andre prosessane som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap i SF Holding og SFE, også drøfta planane om fusjon mellom BKK og Sunnfjord Energi. Dette har blitt drøfta løpende i fylkesutvalet i 2019 etter at planane vart kjende. Det som har vore drøfta er korleis ein slik fusjon kunne påverke forhandlingane med BKK om kjøp av BKK sine aksjar i SFE, korleis ein slik fusjon ville påverke SFE sine interesser og fordelinga av aksjar i SF Holding på kommunane.

Fylkesutvalet har også fått orienteringar om SFE sitt syn på ein mogeleg fusjon mellom BKK og Sunnfjord Energi av konsernsjefen og styreleia i SFE. SFE har regelmessig vore invitert til og fått høve til å kome til orde i møta i fylkesutvalet der saker som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap i SFE har vore drøfta.

3. *Har fylkeskommunen, etter din kjennskap, arbeidd mot fusjonen mellom Sunnfjord Energi og BKK?*

Nei, eg er ikkje kjend med noko slikt.

Eg håpar dette var tilfredsstillande svar på spørsmåla.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

² 7,2 mill. kr ifølgje rådmannen si saksutgreiing til kommunestyremøte 20. juni.

Vedlegg:

- 1 Konkurransegrunnlag
- 2 Avtale mellom fylkeskommunen og BKK av 10. mars 2017
- 3 Avtale mellom SF Holding og BKK av 28. januar 2019
- 4 Utkast til transaksjonsavtale mellom SF Holding og BKK